


**EIN KVELD MED  
JACQUES BREL**





109 161685

# EIN KVELD MED JACQUES BREL

Ein musikalsk kabaret av Eric Blau og Mort Shuman  
Bygd på songar av Jacques Brel.

Omsetjing: Bjørn Endreson  
Regi: Sven Henning  
Koreografisk assistanse: Elin Osjord  
Scenografi: Bjørn Krzywinski  
Musikalsk leiing: Dag Arnesen/Sven Henning

Med: Kari Onstad  
Helle Ottesen  
Ulf Borge  
Sverre Røssummoen

Musikarar: Dag Arnesen/Sven Henning, piano.  
Torbjørn Wiberg, gitar.  
Edvard Askeland, bass.  
Frank Jakobsen, slagverk.



Dag Arnesen ved pianoet med de medvirkende: Helle Ottesen, Sverre Røssummoen, Kari Onstad og Ulf Borge.

Sufflør: Anne Olufsen  
Inspisient: Hans Stengle  
Teaterforlag: Scandinavian Teater Forlag  
Fotografering og lydbandopptak under framsyninga er ikkje tillate.  
Premiere: 24. mai 1978.

premiere

Tidsskrift for DEN NATIONALE SCENE Nr. 4 — 1978.

Ansvarlig utgiver: Sven Henning. Redaksjon: Liv Schøyen, Gunnar Staalesen. Redaksjonens adresse: Postboks 65, 5001 Bergen. Grafisk utforming: Ervaco Bergen A.s. Trykk: A.s John Grieg. Fotos: Trygve Schönfelder.



# JACQUES



Sainte Maxime er ein snusket gamal by. Endetil det skiltet Handelsforeininga har sett opp, er snusket, av di dei har bygd for mykje omkring det med for lite pengar, og alle bygningene liknar dei som vart reiste i Tel Aviv rett etter krigen, med alle veggene stripete av rustvatn frå opne takrenner. Det rustfarga vatnet renn ned i ei skiten elv som sniglar seg mot sjøen. Dei bygde ei bru over den elva som ser ut som om ho var laga av opne takrenner. Så kjem du til hamna som er rusten ho óg. Det einaste vakre ved ho er sjøen, om du ikkje tykkjer illeluktande fiskebåtar og forkrøpla tre med hovuda hogde av slik at den heite sola smeltar isbitane i drinken din altfor snøgt, eller mørke, stinkande kafear, eller feite tyske fotografiapparatistar er vakre. Så du må gå din veg og kome attende om kvelden. Det ser ikkje mykje betre ut då. Men like utafør er det ein lyseraud murbygning oppå nokre steinar. Der er to faklar ved døra som lokkar og lovar. Innafor er det mørkt, berre farga lyspærer og desse faklane, no sette i svarte urner. Det er ein midt ute i eit lite basseng der vi tok av oss buksene ein kveld og spruta og dansa kring offerelden som kom opp frå vatnet, og om du var høg nok, kunne du nesten tru at du var i eitt av desse kjærleikstempla ved havet, medan musikaren spela på elektrisk instrument rituell musikk på fransk og halvgudinnene med dei mjuke brysta kom fram og forsvann i den farga fluorescerande flamma.

Til vanlig var høg det einaste eg var medan eg freista seia kor vidunderleg det var å vera der, vel vitande at eg i grunnen var så einsam der eg sat på ei pute og såg på elden i vatnet og kroppane som flaut forbi. Ved tretida brukte eg å gå til ein bar, for å ta ein siste drink, veksle nokre meiningslause ord med bartenderen, og så gå heim. Då eg skulle gå ein kveld, kom — eller kan hende galopperte — han inn. For han ser ut som ein hest. Etter at han hadde akseptert dei fem minutta med smisking som kvar underholdningsartist må tåla, fekk han auge på meg, vrinska, synt meg alle tennene sine og sa:

«Kom hit, 'Washington' (eller 'Johnson')». Han kalla meg for det, for det var Amerikanaren for han. Han kjøpte meg ein drink og tok meg med bort i eit hjørne. Nå, tenkte eg, ingen managerar, ingen agentar, ingen folk som berre heng kring han, berre oss to. Nå må vi bretta ut hjernane våre for kvarandre. Nå må eg fortelja mannen som (seinare når eg blir eldre, vil folk venteleg spørja om akkurat desse sakene) endra heile livssynet mitt, alt om dette fantastiske hat-kjærleikstilthøvet eg har til dette landet og alle årsakene til at eg drikk druevin og græt og elsker det, og c'est la vie og ooh ein gong til chérie, og mange andre altfor godt gøynde saker. Og før eg kunne det, som om han visste kva eg skulle til å seia, synt han meg desse tennene att og smilte.

«Nei, 'Johnson' (eller 'Rockefeller'), eg skal fortelja deg kvar æra ligg gravlagd. Det er hos desse rare små mennene med dei altfor store hovuda og dei uinnfatta brillene og plastsnippene. Det er sjelene deira. Det er den franske sjela. Det er den

einaste årsaka til at ein kan halda ut dette landet lenger enn noko anna i verda.» Så eg hadde alle dei gale årsakene. Eg trudde Camembert var Buddha. Eg trudde at den ypparste orgasmen låg gøymt her ein stad og berre venta på å bli snubla over når du hadde teke for mykje vin. Eg hadde rett, men ut frå alle dei gale årsakene. Nå måtte eg seia noko, gjera noko. Han kunne ikkje taka alt frå meg så lett. Det ville vera for tungt å bera.

«Men kvifor arbeider du og sveittar og græt og tryglar du så mykje framfor alle dei **andre** då, når du blottar løgnene til nervespissane deira like så vel som dine eigne og så dekkjer dei til med spytt?» Denne gongen ingen tenner. Berre auge. Så fortalde han meg kvifor.

«Vi **må** elska dei.»

Og så sprang (eller galopperte) han sin veg.


—Mort Shuman

Jacques Brels spinkle kropp — ikkje heilt vertikal i tilhøvet til scenen — gjer ein keitet freistnad på å tilpasse seg det skremmande faktum at det sit eit publikum **der ute**. Han har kan hende ein fåret, litt spørjande flir om munnen, som viser ei skamlaus rekkje hestetenner som brautar seg fram. Han liknar ikkje det minste på ein mann som blir tilbød av millionar og nyt den djupaste respekt hos diktarar og intellektuelle over heile Frankrike.

Men den augneblinken han byrjar å syngje songane sine, hender noko vedunderleg, og forunderleg, og det held fram og det held fram og det held fram heilt til både Brel og forsamlinga hans har fullført ein opphøgd og mareliknande tur gjennom himmel og helvete.

Det heile byrja i Belgia i 1929 da dei første (uinnspele) klagene hans vart lufta. Da han vart vaksen, bestemte Brel seg for å gi avkall på tryggleiken og komforten familie-forretninga kunne by på, og — med gitaren i handa — rømde han frå dei flamske markene til den fridom utan grenser som berre Paris kan by den rastlause, skapande sjela.

Under dei trygge vengene til den drivne impressarioen Jacques Canetti byrja Brel å vekkje oppsikt under eit engasjement på 'Théâtre des Trois Baudets', eit lite forum for nytt talent like ved Boulevard Clichy i bydelen Pigalle i Paris. Ryet hans voks sakte men sikkert, heilt til kvar ny plate, kvar ny gong han steig fram i dei parisiske kabaretane var ei storhending i det



# BREL

sosiale og kulturelle liv. Alt tidleg i 60-åra var Jacques Brel blitt fremste forfattar-komponist-tolkar av meiningsfylte moderne songar i Frankrike.

Jacques Brel insisterer på at han **ikkje** er nokon poet og at han faktisk ikkje er i stand til å skrive vers, at det er umogeleg for han å tenkje seg eller å sjå for seg eller å skrive ord utan at lyden av musikk trengjer seg på. Dersom vi skal akseptere denne utsegna, må vi finne ei ny og heilt spesiell klassifisering for kunsten hans. Det er visseleg sant at Brels visetekster er nærmare poesien enn så å seie alle dei billige og dårlege vers som blir fabrikerte av mini-hjernane langsmed slager-samlebanda i den vestlege verda. Den brennande biletkunsten hans, dei utsøkt kontrollerte rytmemønstra hans og den framifrå kjensla for dramatisk oppbygging er teikn på ein kunstnar, ikkje berre ein handverkar.

Det er ein del av ein tradisjon. Når sanninga skal fram, er det ingen populær musikk i moderne tid som kan måle seg med den franske 'chanson' når det gjeld det mogne, det litterære, det reine.

Kan hende byrja det med trubadurane, eller kan hende med Francois Villon. Vi veit i alle høve at i moderne tid er det Aristide Bruant — kjend frå Toulouse Lautrecs teikningar frå hundreårsskiftet — som er sjølv grunnleggjaren av fransk populær visedikting. Bruant — han med den svarte vidbremma hatten, det lysande lange raude skjerfet og dei blankpolerte høge støvlane — byrja skrive, komponere og syngje sine eigne songar på Montmartre rundt 1900. På sine kafekonsertar song han om soldatar, horer, hallikar, fangar og purk, men samstundes om kunstnarar og diktarar og jamvel politikarar. Språket hans spegla gatelydane, melodiane hans var hese og lystige, triste og enkle. Heile Paris song saman med han og diktarane lytta.

Franskmennene vrir seg ikkje når dei høyrer ordet 'poesi', og dei mest populære artistane har ofte på repertoaret tekster av velkjende forfattarar som Jean Paul Sartre, Jacques Prevert, Louis Aragon, Jean Cocteau, Raymond Queneau og dusinvis andre som ikkje finn det det minste nedverdige å skape populære songtekster.

Det er óg mange av Frankrikes leiande komponistar av populær musikk som har skrive musikk til verk av slike klassiske og moderne meistarar som Verlaine, Rimbaud, Baudelaire, Hugo, Apollinaire, Ronsard, de Musset og — attende til opphavet — Villon. Såleis er Brel — jamvel om han er fenomenal — ikkje noko fenomen, men berre heilt enkelt ein del av ei lang og lysande tradisjon.

Brel kom først i brennpunktet i Amerika i 1957 da underskrivne, som på den tida var tilsett i plateselskapet Columbia, kom heim frå Paris med lydband med nokre av Brels tidlegaste viser og eit brennande ønske om å spreie evangeliet. Ei LP-plate, «American Debut», vart laga, raskt sett til livs av ei svært lita gruppe 'aficionados' og så — da salet gjekk ned — tatt ut av marknaden.

På den tida var diktar/dramatikaren Eric Blau i arbeid med å setje saman ein

revy Off-Broadway som bar det kryptiske namnet «O, Oysters!» og skulle opp på 'The Village Gate' i New York. To av Brels songar, «Ne me quitte pas» og den utrulege 'tour de force' «La Valse à mille temps», vart omarbeidde av Blau for denne framsyninga.

Heilt uavhengig av dette hadde Mort Shuman — som hadde hatt kjempesuksess som populærkomponist, framfor alt i genren rhythm and blues — tidleg i 60-åra møtt Brel i Paris. Han vart ikkje berre ein disippel, men ein venn av songar-komponisten. Utilfreds som Brel var med ein del av dei versjonane av songane hans som hadde byrja kome på amerikanske plater, gav Brel Shuman ansvaret for ei rad av dei beste visene sine.


Tidleg i 1967, mens vi var på veg til ein musikalsk katastrofe i Philadelphia, bestemte Eric Blau og eg oss for at det måtte vere ein herleg idé å presentere Brels verk i ei eller anna slags teaterform, og vi byrja planleggje korleis vi kunne få sett saman ei framsyning. Det syntest naudsynt å møte Mort Shuman, og møtet vart arrangert. Det vart med ein gong klart at Blaus diktarevnrar og Shumans polerte kunnskapar når det galdt **hans** handverk, supplert av deira kjærleik til og forståing for kva Jacques Brel eigentleg var, ville gi interessante resultat.

Berre for å slå det fast, Jacques Brel **er** i live, har det bra og bur (riktig godt, takk) i Paris. Dei sterke kjenslene han har når det gjeld den amerikanske krigføringa i Vietnam, har skapt ein motvilje mot å arbeide i USA. (Han har berre sunge her to gonger, for stappfulle hus i Carnegie Hall.) Dertil kjem — til stor sorg for alle tilhengjarane hans — at han har sagt frå at han ikkje lenger vil gi konsertar. I alle høve ikkje nett no.

Vi kan berre vone at han vil skifte meining, for ingen annan i verda kan gjere det Brel gjer. Ingen annan i verda kan komponere og skrive og syngje så godt heile tida som han gjer. Inntil no var dei fleste av songane hans anten ukjende her, eller dei let seg ikkje omsetje. Men, vi oppdaga til vår store glede med denne framsyninga, at Brel — til skilnad frå einskilde svært kjensleware franske vinar — kan flyttast. Når han berre blir handsama med lidenskap og intelligens, kan bodskapen hans høyrast like klart her som i Frankrike. Songane hans har i denne versjonen framleis sin styrke, sin evne til å sjokkere, more, trengje gjennom alle ytre skal, såre og vekkje. Dei hender. Dei er i sanning nokre av dei mest blendande døme vi har på kva som går føre seg i populær musikk rundt i verda i dag.

— Nat Shapiro





10g161685



# JACQUES BREL

er fødd i Bryssel i 1929, son av ein fabrikk-eigar, og vart oppseda med det for auga: å verte industriherre som sin far. Han reiste frå Bryssel 23 år gamal og drog til Paris som fransk visesongar. Han song på kabaret etter kabaret, hovudsakleg sine eigne songar, og i 1954 fekk han sitt første store gjennombrot, på «Olympia». Tilhengjarskaren voks, og i 1961 triumferte han på ny på «Olympia». I 1960-åra var han det franske visenamnet framfor alle andre. I 1966 lova han at han aldri meir skulle stå på ei scene, og han byrja spela film og teater i staden. I byrjinga av 1970-åra vart han meir eller mindre borte

frå det offentlege livet, og den omfattande mytedanninga kring personen hans byrja. Han skulle vera død, han skulle vera sinnssjuk. No har han busett seg på ei øy i Stillehavet, og sist haust gav han ut ein LP med berre nye songar: «Brel», som vart ein gigantisk platesuksess, med over ein million eksemplar selde før plata i det heile var å få kjøpt.

«Ein kveld med Jacques Brel» (Jacques Brel is Alive and Well and Living in Paris) blei første gong spela på Broadway i 1967, og vart ein av dei største suksessane Broadway nokon gong har sett.